



Kjersti Linn Bakke Hopland
Ikeland 55
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2064 - 19/4862

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

14.02.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 168/3 Eikeland søndre

Tiltak: bygg til vidareforedling av gardsmat
Byggjestad: Gbnr: 168/3 Ikeland 55
Tiltakshavar: Kjersti Linn Bakke Hopland
Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til søknad om løyve til tiltak utan krav til ansvarleg føretak motteke 29.06.2018 og etterfylgjande førespurnad om tilleggskontroll i brev datert 17.09.18.

I brev datert 17.09.18 vart det bedt om opplysningar knytt til eksisterande bygg som er oppført der nytt bygg er søkt etablert og kva planen er med omsyn til nemnde bygg.

I brev frå dykk datert 19.09.18 er det opplyst at eksisterande bygg (byggningsid.: 23988518) skal rivast, og nytt bygg førast opp på same stad.

Vi har vidare i brev datert 25.09.18 etterlyst dokumentasjon på nabovarsling av det omsøkte tiltaket.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på nabovarsling, men vi har motteke merknadar frå to varsla naboar, sjå vedlegg.

Den 30.01.19 har vi motteke søknad om utsleppsløyve i saka. Det er ikkje levert ved dokumentasjon på at utsleppssøknaden, og søknad om etablering av minireinseanlegg er nabovarsla.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at det vert levert inn dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla. Dette gjeld for riving av eksisterande bygg og oppføring av nytt bygg, samt søknad om etablering av reinseanlegg og utslepp.
 - Utfylt blankett 5155 (vedlagd) opplysningar gitt i nabovarsel skal sendast inn.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Utfylt blankett 5156 (vedlagd) kvittering for nabovarsel skal sendast inn.
2. Vi ber om dykkar uttale på vedlagde nabomerknader.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 14.03.19.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5155n-opplysninger_gjeve_i_nabovarsel
5156n_kvittering-for-nabovarsel
Merknad - gbnr 168/3 Eikeland søndre
Merknad til nabovarsel - gbnr 168/3 Eikeland søndre

Kopi til:

Kjersti Linn Bakke Hopland	Ikeland 55	5912	SEIM
----------------------------	------------	------	------

Mottakarar:

Kjersti Linn Bakke Hopland	Ikeland 55	5912	SEIM
----------------------------	------------	------	------